



Magnar Askeland
Rosslandsvegen 293
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3116 - 16/1119

Saksbehandlar:
Marius Flemmen Knudsen
marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:
20.01.2016

Godkjenning av jordpåfylling og planering av jordbruksareal på Gbnr. 22/4 på Mjåtveit

Administrativt vedtak. Saknr: 24/2016

Saksutgreiing:

Magnar Askeland søker i brev dagsett 25.11.2015 om løyve til påfylling og planering av jordmassar for å betre eit areal til beite på Gbnr. 22/4 på Mjåtveit. Det omsøkte arealet er på ca. 3 daa og har delvis vore nytta til beite og er delvis skog. Området er grunnlendt og grenser inn mot eit større beiteareal. Arealet er svært nærme driftsenter på garden. Det omsøkte arealet er på ein topp og det er planlagt å fylle på ca. 4500 m³ i ein påfyllingshøgde frå 0-3 meter. Det er planlagt å fylle runda terrenget av slik at knausane blir dekt med jord.

Arealet som det å planlagt å gjennomføre tiltaket på ligg på toppen og henger saman med eit allereie eksisterande beite. Området har delvis vore beite og delvis vore skog. Det er planlagt å nytta arealet etter gjennomføring av tiltaket til beite for kyr og sau. Det er driftsvegar fram til området, og det er ein godkjent avkøyring frå fylkesvegen.

Omdisponering frå skog til beite er ikkje søknadspliktig etter definisjonen av som reknast som nydyrking jf. § 3 i Forskrift om nydyrking. Administrasjonen har vurdert tiltaket som søknadspliktig etter ureiningsforskrifta kap. 4, §§ 4-1, 4-2 og 4-4.

Vurdering:

Søker har trong for meir godt beiteareal nærme driftsenter, og det omsøkte arealet vil bli ein del av eit større beiteareal som tidligare har vore forbetra med påfylling av jord. Ei påfylling av jord vil

gjere at eit større areal kan beitas, samstundes som ei gjer det mindre ulendt vil ein kunne lettare vedlikehalde beitet. I det det omsøket tiltaket vil ein fylle på med reine stein- og jordmassar, det er også planlagt at det skal leggest trakksterke/køyresterke massar i midten av feltet. Dette betyr at ein vil få mindre tråkkskader på beite og lette maksinelt vedlikehald. Administrasjonen vurderer det slik at det omsøkte tiltaket ikkje er i strid med arealformålet LNF. Tiltaket skal gjennomførast på ca. 3 daa og ikkje påfyllas høgare enn 3 meter enn dagens terreng, tiltaket vil difor ikkje medføre vesentleg endring av terrenget. Ved ein påfylling og planering av jordmassar er det viktig at massane blir plassert på ein tenleg måte for framtidig landbruksdrift. Arealet er planlagt nytta til beite etter forbetringa av arealet.

Søknaden om jordpåfylling og planering har vore på høyring hos kulturminnemyndighetane hjå Hordaland Fylkeskommune og Meland kommune. Hordaland Fylkeskommune har ingen merknader til søknaden, men ber om at søkjar unngår inngrep i eller gjer skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar m.m. Kulturavdelinga i Meland kommune hadde ingen merknader til tiltaket knytt til nyare tids kulturminne, men påpeker at det ligg eit SEFRAK-registrert bygg (byggningsnr. 175991859/SEFRAK_ID 1256 207 18) på sørsida av det aktuelle området. Og at dette ikkje må verte skadelidande av tiltaket.

Det aktuelle bygget ligg om lag 60 meter frå det planlagde området for påfylling og planering av jordmassar. Administrasjonen meiner at bygget ikkje skal bli berørt av tiltaket slik det er planlagt, men understrekar at bygget ikkje må bli skadelidande som følgje av jordpåfyllinga.

Administrasjonen er pliktig etter naturmangfaldslova (NML) § 7 å vurdere søknaden etter NML § 8-12. Kommunen har ikkje funne spesielle naturverdiar eller artar registrert på det aktuelle området, men det er registrert lokalitetar i nærleik til arealet. Området ligg i nærleiken til Mjåtveitelva og det er registrert ein lokalitet med viktig bekke drag nord/nordøst for tiltaket langs Mjåtvetelva. Samt to viktige lokaliteter nedstrøms i elva, ein lokalitet med Rik sumpskog, samt at det er registrert Elvemusling (jf. NML § 8).

Det vil vere naudsynt å hindre avrenning frå området for å unngå eventuelle skader på vassdraget og muslingane. Tiltaket er avgrensa i omfang og ligger på ein topp, dette inneber at det ikkje vil komme vatn sigande inn i området. Vatn som renner av området vil renne gjennom vegetasjon og stabile jordmassar før det kommer ut i sidebekken til Mjåtveitelva. Søkjar opplyser at det i vekstsesongen, sjølv under arbeidsperioden vil bli sådd til, dette vil redusere faren for avrenning frå området betydelig. Arealet skal såast med ein gang når arbeidet er ferdig. Administrasjonen meiner at tiltaket ikkje vil medføre auka fare for avrenning, skade på vassdraget eller liv i vassdraget. Men ein vil peika på at arbeidet må gjerast skånsamt og på ein slik måte at det ikkje medfører avrenning. Administrasjonen vurderer det slik at tiltaket ikkje vil ha nokon negative konsekvensar for dei andre artane eller naturtypane registrert i nærleiken til området (jf. § 9). Tiltaket vil ikkje føre til ein auka belastning for økosystemet i området, då arealet i dag delvis er jordbruksareal og at tiltaket ikkje vil medføre ei endring av dette (jf. §10). Natuymangfaldslovas §§ 11 og 12 er ikkje aktuelle i dette tilfellet.

Administrasjonen meiner at det omsøkte tiltaket ikkje er i strid med prinsippa §§ 8-12 i naturmangfaldslova.

Administrasjonen meiner at tiltaket ikkje vil føre til ulempe for naboar eller for trafikkantar ved at området ligg for seg sjølv ut mot elva. Det er i dag ein landbruksavkøyring i rundkøyringa og transport til og frå området vil derfor ikkje føre til ulempe for anna trafikk, mjuke trafikkantar eller bebuarar.

Etter ei samla vurdering meiner administrasjonen at dette er eit viktig og godt tiltak for å sikre god landbruksproduksjon. Samstundes vil gjennomføringa av tiltaket på dette området ikkje medføre negative konsekvensar for omkringliggende område. Men det vil vere viktig å hindre avrenning frå påfyllingsområdet til elva og at i periodar med stor nedbør bør ein unngå å gjere tiltak som kan auke faren for avrenning.

Vedtak

«Meland kommune gjev løyve til jordpåfylling og planering på Gbnr. 22/4 på Meland i Meland kommune. Løyvet gjeld berre for omsøkt areal på ca. 3 daa avmerka på kart, og tiltaket skal gjennomførast innan 01.10.2017.

Løyvet er gjeve på slike vilkår:

- Magnar Askeland står sjølv ansvarleg for at arbeidet blir utført innanfor dei rammer som lovverket sett.
- Det må bare køyrast på reine stein- og jordmassar. Kvart lass skal så langt så råd vere dokumentert.
- Søkjar må kunne framlegga dokumentasjon på at massane som er tilført er reine.
- Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med Tekniske rettningslinjer for anlegg, drift og vedlikehold av planeringsfelt fastsatt av Landbruksdepartementet.
- Køyring til anlegget skal berre skje innanfor normal arbeidstid.
- Tiltaket skal sikrast mot avrenning, og i nedbørrike periodar må det ikkje tippast massar eller flyttast på massar inne på området.
- Området skal såast til snart det er teknisk mogleg.
- Det må visast omsyn til SEFRAK-registret bygning på sørsida av området, slik at denne ikkje blir skadelidande.
- Ved funn av kulturminne skal arbeidet stansast og kulturminnemyndighet varslast jf. kulturminnelova § 8, 2. ledd.
- Meland kommune kan påleggje stans eller andre naudsynte tiltak for å hindre avrenning til vassdraget.
- Meland kommune skal ha skriftleg beskjed når arbeidet er avslutta.

Vedtaket har heimel i forskrift om begrensning av forurensning kap. 4 Anlegg, drift og vedlikehold av planeringsfelt § 4-4.»

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Magnar Askeland

Rosslandsvegen 5918
293

FREKHAUG

